

Hordaland avis

Kunst- og kulturhistorie frå Voss prydar Frognerseieren: – Fantastisk komposisjon og humor



AVDUKING: Kunstnaren Lene Ørnhoft er venn av familien til Even Hegbom og har måla Jolareidi på ny. Her er dei då måleriet vart avduka på Frognerseieren i Holmenkollen. Foto: Privat

24.12.22 09:00

[Geir Geitle](#)

Kunstverket Jolareidi av Nils Bergslien kjem for framtida til å pryda veggene på stolte og ærverdige Frognerseieren i Holmenkollen.

Eit solid stykke kunst og kulturhistorie frå Voss vart avduka i Oslo i
førjolsdagane.

Bakgrunnen er at den kjende kunstnaren Lene Ørnhoft har måla ei ny utgåve av
Jolareidi.

– Jolareidi har ein ein fantastisk komposisjon, historie og humor. Her er mange
interessante figurar. Biletet seier mykje om den humoren Nils Bergslien hadde, seier
kunstnaren Lene Ørnhoft.



I FLOTT MILJØ: Lene Ørnhoft har laga eit måleri som er to meter breitt og 1,35
meter høgt. Mange folk var til stades på avdukinga. Foto: Privat

– Fantastisk morosamt

Ho fortel at det var fantastisk moro å jobba med måleriet. Ho har arbeidd med det i fleire månader på full tid.

– Motivet er fantastisk morosamt. Eg elsker det biletet! seier Lene Ørnhoft til Hordaland. Både ho og eigaren av bygningsmassen på Frognerseteren, den kunstinteresserte Franz Tanberg, vart fasinerte av Jolareidi då dei såg det på nettet for eitt års tid sidan.



BERGSLITRÆET: Bergslien-kunstnarane hadde sitt utspring frå Bergslitræet nær Tintrabrua i Prestegardsmoen. I seinare år er det gjort mykje arbeid med å renovera det gamle huset. Foto: Vidar Herre

– Oi, det var fantastisk fint! tenkte Lene Ørnhoft som saman med Tanberg syntest det var ein god idé å lyfta dette motivet fram for eit større publikum.

Sceneteppet i ungdomshallen

Etter ein detektivprosess fann dei ut at måleriet Jolareidi eigentleg er sceneteppet som heng i Voss ungdomshall på Vangen.

Lene Ørnhoft tok turen sjølv til Voss i september og tok sceneteppet i augesyn. Takka vera hyggjelege folk i Voss ungdomslag, Heine Hydle og Olav Torpe, fekk dei senka det ned slik at ho fekk ta fleire detaljfoto.



PÅ VOSS: Lene Ørnhoft saman med Olav Torpe, målar kollega Roar Kjærstad og Heine Hydle då ho fekk sett på sceneteppet Jolareidi i Voss ungdomshall på Hestavangen. – Kjempehyggjelege og gjestfrie folk, kommenterer kunstnaren. Foto: Privat

Deretter drog ho tilbake til Oslo, og jobba intenst i tida fram mot avdukinga i desember.

Når måleriet no har fått ein flott plass på Frognerseteren, får langt fleire gle seg over det. På den kjende restauranten i Holmenkollen i Oslo skal biletet hengja permanent og vera tilgjengeleg for alle.

Lene Ørnhoft er venn av familien til vossingen Even Hegbom, som var til stades og sjølv fekk ei aha-oppleving.

– Dette såg eg jo for 50 år sidan då eg dansa leikarring i ungdomshallen, ler Hegbom om oppdaginga han gjorde under avdukinga.

– Så vossingar som er i Oslo bør ta turen opp og smaka eplekaka som er den beste i landet, og samstundes oppleva Jolareidi, seier mannen som mellom anna er grunnleggjar av Myrkdalen Fjellandsby.

Birkebeinerne også

På Frognerseteren kan ein også sjå andre kunstverk som prydar veggene. Mellom anna Birkebeinerne, som Lene Ørnhoft har måla etter Knut Bergslien sitt motiv.

Originalen av Birkebeinerne heng heime hjå ein anonym, privat kunstsamlar. Ved å måla motivet, har Lene Ørnhoft sikra at folk flest får sett på og oppleva måleriet som opphavleg vart laga i 1869.

Sceneteppet Jolareidi i ungdomshallen vart forresten hengt opp i 1922, og feirar såleis 100-årsjubileum i år.



RIDANDE VOSSABRUDLAUP: Nils Bergslien som målte Jolareidi har også laga monumentet Ridande vossabrudlaup.

Med til historia høyrer det at sceneteppet Jolareidi vart skadd under bombinga av Vangen i aprildagane 1940, men vart bore ut og berga. Seinare vart det restaurert og hengt opp att på ny.

Når det gjeld Lene Ørnhoft har ho også hatt fleire andre utsmykningsoppdrag til Frognerseteren.

Tidlegare jobba 56-åringen som modell og skodespelar i Los Angeles frå 1986 til 1991.

Ho vart kåra til Miss Norway, og representerte Noreg i Miss Universe i 1989.

Men det er ei heilt anna historie ...